

BØ KOMMUNE

Administrasjon

Saksbeh.: Dag Gjermund Roheim
Innvalsnr.: 35 05 91 70
Kontoradr.: Gullbringevegen 20
Tlf. etaten: 35 05 91 60 faks:35 95 42 86

Landbruk og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006 : 193	Doknr.: 199
Mottatt: 22 MAI 2006 MP/SDD	
Saksbeh.: MBB	Ark.: 713
Kopi:	Avskr.:


NÆRING OG RESSURSFORVALTNING

Dato: 19.05.2006
Arkivnr.: K2-V50
Vår ref.: 06/304-4

UTTALE OM LOVFORSLAG VETERINÆRTENESTER

Oversender med dette uttale frå Bø kommune v/Utval for plan teknikk og næring

Med helsing


Dag Gjermund Roheim
einingsleiar



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Plan, teknikk og næring	25.04.2006	035/06	DGR

Saksansvarleg: Dag Gjermund Roheim Arkiv: K2-V50
Oppfølgingsansvar:

Arkivsaknr.: 06/304
Tidsfrist:

HØYRING: FORSLAG TIL ENDRING AV LOV AV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

- Vedlegg:**
1. Høringsbrev datert 15.02.2006
 2. Høringsnotat om endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell.
 3. Brev frå Telemark dyreklinikk v/Inge Engeland.

Saksomtale:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut høringsforslag til endringar i lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell. Departementet ønskjer at kommunane frå 2007 skal sørgje for tilfredstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Forslaget er å gjera det til eit kommunalt ansvar å syte for tilfredstillande tilgang på dyrehelsepersonell og klinisk veterinærsvakt både for landbruket og for kjæledyr/smådyrhald.

Økonomisk grunnlag for overføring av ansvaret vil bli omtala i kommune-proposisjonen våren 2006.

Auka administrative kostnader skal kompenseras, og regjeringa har ambisjon om at alle nye oppgåver som vert pålagt kommunane skal være fullfinansierte.

Bakgrunn for saka:

Staten har i dag eit overordna ansvar for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste.

Det vert foreslått at ansvaret vert overført til den enkelte kommune, med ønskje om at reglane som gjeld tilgang av tenester skal forvaltast så nær brukarane som mogeleg.

Det har skjedd relativt store endringar i husdyrbruket, og i offentleg veterinærvesen. Distriktsveterinærordninga vart teke bort ved overgang frå Statens Helsetilsyn til Mattilsynet frå 2004. Dårlegare økonomisk grunnlag for klinisk veterinærteneste har gjort det mindre attraktivt å etablere veterinærpraksis i mange distrikt.

Landbruksdepartementet sette ned eit utval (Sagelvmoutvalget) i 2004, for å vurdere korleis ein med offentlege verkemiddel kunne medverke til å oppretthalde tilfredstillande veterinærdekning i heile landet. Sagelvmo-utvalet konkluderte med at tilfredstillande veterinærdekning best vert løyst ved at kommunane får ansvar for dette.

Vidare vart det sett ned et utval for å sjå på vaktordningar. Konklusjonen frå utvalet var at den kliniske veterinærsvakta bør styrkast, og at det bør være ei ordning ved behov for akutt hjelp, uavhengig av dyreart. På bakgrunn av dette er avtalen om spesialvakt for kjæledyr sagt opp. Det er difor ei samla

vaktordning for både landbruk og kjæledyr/smådyrhald som skal setjast i drift, dersom kommunane etter planen overtek ansvaret i 2007.

Saksopplysningar:

Lovforslaget gir kommunen ansvar:

Ny § 3a. Kommunens ansvar

Kommunene skal sørge for tilfredstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell.

Departementet peikar i sitt høringsnotat på at kommunen vil få eit utvida ansvar i forhold til det staten har i dag. Ansvaret blir meir direkte ved at det blir knytt ei plikt for kommunane til å syte for tilfredstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. I forslaget står kommunen fritt til å vurdere kva som er tilfredstillande tilgang på tenester og korleis dei skal oppfylle dette.

Departementet legg til grunn at kommunane sitt ansvar for å sikre døgnkontinuerleg tilgang på veterinærtjenester må organiserast gjennom ei vaktordning.

Lovforslaget gjev rom for interkommunalt samarbeid. Vidare vert det foreslått av kommunen inngår avtaler om å delta i vaktordning med aktuelt personell. Kommunen skal ikkje kunne pålegge den enkelte veterinær å delta i vaktordning, slik staten kan i dag. Det vert lagt vekt på at kommunane må få ei mest mogeleg fleksibel ordning, tilpassa lokale forhold. Det er ønskje om eit regelverk med overordna ansvar, framfor detaljert reglar om klinisk vaktordning.

Økonomi og administrative konsekvensar.

Økonomiske og administrative kostnader er knytt til tiltak som må setjast i verk for å sørge for tilgjengeleg dyrehelsepersonell til ei kvar tid. Betaling for den konkrete tenesta er det brukaren sjølve som må betale.

Det vert teke sikte på at auka kostnader for kommunane skal kompensierast, og regjeringa har ambisjon om at alle nye oppgåver som vert pålagt kommunane skal vera fullfinansierede. I høyringa er det sagt at økonomisk grunnlag for overføring av ansvaret vil bli omtalt i kommuneproposisjonen våren 2006, og at departementet i samarbeid med KS vil rekne ut dei administrative og økonomiske konsekvensane

Vurdering:

Forslaget inneber ei stor reform for kommunane, da dei får overført nye oppgåver innanfor eit nytt fagområde: ansvaret for veterinærdekning og tilfredsstillande vaktordning. Det er opp til kommunen å vurdere kva som er tilfredsstillande tilgang på veterinærtjenester og korleis dette skal organiserast.

Den einskilde kommune vil ikkje vera ei naturleg administrativ eining for desse tenestene. Det er berre nokre få kommunar som har så store behov for veterinærtjenester at dei kan løyse dette på eiga hand, og evt. tilsetja kommunal veterinær. Veterinærtjenester er med andre ord av kommuneovergripande karakter. I vårt distrikt vil det vera naturleg å tenke samarbeid over fleire kommunar. Økonomiske konsekvensar ved ulike måtar å organisere dette på er ikkje vurdert.

Det er Telemark dyreklinikk, som har ansvar for dagens vaktordning, med eit vakt-distrikt som omfattar Midt-Telemark kommunane og del av Notodden.

Telemark Dyreklinikk v/Inge Engeland, meiner dagens beredskap er god og fungerer tilfredstillande for både dyreeigarar og veterinærar.

Vi har difor grunn til å meine at veterinærtilbodet i vårt distrikt er tilfredstillande. Dersom ansvaret vert overført til kommunen, vil oppgåve difor vera avgrensa til å syte for ei vaktordning utanom ordinær opningstid. Det vil i så fall vera naturleg å tenkje seg avtale om vaktordning med lokale veterinærar, og eit vaktdistrikt om lag som i dag.

Det økonomiske grunnlaget for overføringa er ikkje endeleg klargjort og departementet ønskjer å komme tilbake til dette i kommuneproposisjonen, våren 2006. Dei økonomiske konsekvensane er viktige for kommunane, og det synast uheldig at dette ikkje er nærare utgreidd før høyringsfristen er ute. Det er likevel grunn til å tru at dei administrative kostnadane vil bli langt større når alle landet sine kommunar skal administrere dette, enn om dette fortsatt ligg hjå Mattilsynet (anslått til 0,5 mill. kr.), særleg i høve til at dette mange stader vil vera kommuneovergripande tenester og vaktordningar.

Slik lovforslaget no ligg føre går veterinæranne ved Telemark dyreklinikk, på lik linje med Den norske veterinærforening, mot at ansvaret vert overført til kommunane. Dei er m.a. redd for at det vil bli store ulikskapar i veterinærtilbodet og vaktordning dersom det ikkje vert stilt klarare definerte krav til kva som er tilfredstillande veterinærdekning.

Etter ei samla vurdering meiner vi at denne oppgåva ikkje bør overførast til kommunane utan at dei økonomiske konsekvensane og vilkåra for kompensasjon er nærare utgreidd. Kommunane er svært ulike når det gjeld behovet for veterinærtenester, og vil mange stader måtte organiserast over fleire kommunar. I Bø og Midt-Telemark vil det vera naturleg å organisere ei vaktordning for heile distriktet, om lag som i dag. Dette talar for at ansvaret for tilfredsstillande veterinærteneste i heile landet, framleis bør være eit overordna og statlig ansvar.

Rådmannen Bø kommune viser til saksframstillinga, og meiner at ansvaret for
tilrår: tilfredsstillande veterinærtenester og veterinærvaktordning ikkje bør overførast frå staten til kommunane.

PTN-035/06 Som rådmannen si tilråding. **Samrøystes.**
Vedtak: